

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

TILSYNSRAPPORT

Skulens plikt til å arbeide førebyggjande
og informere og involvere
elevar og foreldre

Bømlo kommune – Bremnes ungdomsskule

Sak 2020/8649

Samandrag

Vi fører tilsyn med Bømlo kommune og Bremnes ungdomsskule.

Temaet for tilsynet er skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.

Tilsynet har som føremål å kontrollere at kommunen oppfyller krava i regelverket, når det gjeld skulens plikt til å jobbe førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre for å fremje eit trygt og godt skulemiljø.

Dei mest sentrale funna frå tilsynet

Vi finn at

- Rektor ikkje sikrar at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.
- Rektors arbeid for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø, er for vagt og for lite kollektivt forankra. Det betyr at rektor ikkje har ein systematisk framgangsmåte.
- Rektor ikkje har sytt for ein systematisk framgangsmåte, der lærarane sin tidsbruk og kompetanseutvikling når det gjeld å fremje positiv samhandling i klassemiljøet, blir vurdert opp mot skulens behov.
- Skulen ikkje evaluerer det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.
- Rektor ikkje sikrar at skulen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.
- Rektor ikkje sikrar at skulen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skulemiljøet.
- Rektor ikkje sikrar at skulen tek elevrådet og foreldrerådet med i arbeidet med skulemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som råd.
- Skulen ikkje evaluerer arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

Vegen vidare

Bømlo kommune fekk tilsendt ein førebels tilsynsrapport 29. september 2020. Kommunen hadde rett til å uttale seg om innhaldet i rapporten, jf. forvaltningslova § 16. Kommunen fekk ein trevekers frist for tilbakemelding. Vi mottok kommunes skriftlege tilbakemelding 19. oktober 2020.

Fylkesmannen har sett frist for retting til 30. januar 2021. Før fristen må Bømlo kommune sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Tilsynet er basert på ei risikovurdering.....	5
1.3	Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
1.4	Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.....	7
2	Skulens plikt til å arbeide førebyggjande.....	8
2.1	Rettslege krav	8
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
3	Skulen si plikt til å informere og involvere elevar og foreldre.....	16
3.1	Rettslege krav	16
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	17
4	Våre reaksjonar.....	24
4.1	Pålegg om retting	24
4.2	Oppfølging av pålegga.....	25
5	De har rett til å klage.....	25

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller dei pliktene som er pålagt i eller i medhald av opplæringslova, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir difor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Dersom kommunen ikkje fylgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd ei eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka¹ ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

1.1 Kort om kommunen

Bremnes ungdomsskule ligg i Bømlo kommune og har i følge Grunnskulens informasjonssystem (GSI) 381 elevar skuleåret 2019-2020.

Bømlo kommune deltok i den samlingsbaserte nasjonale satsinga *Inkluderende barnehage- og skolemiljø*, pulje 2 i perioden januar 2018 - januar 2020. Satsinga er i regi av Utdanningsdirektoratet, og er retta inn mot barnehagar og skuler som ønskjer støtte i arbeidet med trygge og gode barnehage- og skolemiljø.

Arbeid med eit inkluderande læringsmiljø har vore eit satsingsområde for kommunen.

Kommunen er ein del av Forum for oppvekst i Sunnhordaland (FOS), der føremålet med samarbeidet er å styrka kompetansen og kapasiteten innan oppvekstsektoren. Styringsgruppa i FOS har i lag med Høgskulen NLA utvikla ein modell som skal danne grunnlag for eit forankra og langsiktig arbeid med inkluderande læringsmiljø².

¹ Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

² «Modellen (fig. 1) som presenteres i denne artikkelen, har i samarbeidet mellom NLA og FOS dannet et grunnlag for å tenke langsiktig arbeid knyttet til sektormålet «godt og inkluderende læringsmiljø i skolen», jf. Betre skole nr. 2 2020, side 33.

1.2 Tilsynet er basert på ei risikovurdering

Risikovurdering er utgangspunkt for alle tilsyn. I vår risikovurdering har vi lagt vekt på følgjande:

- Elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet viser at elevar på 10. årsteg ved Bremnes ungdomsskule dei siste fire skuleåra svarar at dei opplever mobbing på skulen. Vidare viser den siste Elevundersøkinga at elevane på 10. årsteg opplever låg involvering i vurdering av eiga opplæring.
- Nivået på skulens grunnskulepoeng er lågare enn nasjonalt nivå siste fem år.
- Skulebidragsindikatoren for 8.-10. årsteg, det vi seie skulens bidrag til elevane si læring, viser eit lågare resultat enn det nasjonale snittet siste fem år.
- Elevane sitt skulemiljø er generelt eit område med høg risiko og Bremnes ungdomsskule er av ein viss størrelse. Det vil seie at eventuelle lovbrøt kan få store konsekvensar for mange elevar.

1.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Kommunen vart i brev datert 29. mai 2020 pålagt å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Kommunen hadde frist til 12. august 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex³, dvs. frå skuleleiinga, tre lærargrupper à to kontaktlærarar frå 8., 9., og 10. årsteg og ei assistentgruppe. Eigenvurderingar og tilhøyrande dokumentasjon vart levert inn innan fristen.

Hovudtemaet skulemiljø inngår i det felles nasjonale tilsynet frå 2018 og er delt inn i tre delar:

- Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.
- Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.
- Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område.

Vi varslar tilsyn med deltema to:

Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre.

Under dette deltemaet undersøker vi :

- plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremje eit trygt og godt skulemiljø
- plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skulemiljøet.

Tilsystemaet er forankra i opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-8, 9 A-9, 11-1a og forvaltningslova § 11

Føremålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen oppfyller krava i regelverket, når det gjeld skulens plikt til å jobbe førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre for å fremje eit trygt og godt skulemiljø.

³ RefLex er eit verktøy utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. RefLex skal hjelpe tilsette i barnehage og skule til å reflektere rundt korleis dei arbeider med regelverket, <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>.

Forhold vi har undersøkt under deltema 1:

Vi undersøker om elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Vi undersøker vidare om rektor arbeider for at skulen praktiserer haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø, om rektor arbeider for at lærarane skal fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet og om skulen evaluerer det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og dei tilsette.

Forhold vi har undersøkt under deltema 2:

Om skulen gir elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø og om skulens aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til Fylkesmannen. Vidare har vi undersøkt om rektor sikrar at skulen informerer råd og utval om rett til innsyn og å uttale seg i saker som er viktige for skulemiljøet. Vi har undersøkt om rektor sikrar at skulen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skulemiljøet og at råd og utval blir teke med i arbeidet med skulemiljøtiltak så tidleg som råd. Vi har òg undersøkt om skulen evaluerer arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert mellom anna på synspunkt frå elevane, foreldra og dei tilsette.

Vi har ikkje sett på korleis skulen oppfyller andre krav i regelverket.

I tilsynet har vi henta inn eigenvurderingar frå skuleleiinga og tilsette på skulen. Vidare har vi gjennomført intervju på skulen den 8. september 2020.

Vi gjennomførte intervju med elevar frå elevrådet 2019-2020, leiar og vara for nestleiar i foreldrerådets arbeidsutval (FAU), to assistentar (gruppeintervju), to kontaktlærarar 8. årssteg (gruppeintervju), to kontaktlærarar 9. årssteg (gruppeintervju), to kontaktlærarar 10. årssteg (gruppeintervju) og rektor.

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen den 29. september 2020. Kommunen fekk ein trevekers frist for å kommentere rapport. Vi mottok kommunens tilbakemelding innan fristen 19. oktober 2020.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

1.4 Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Rektor skriv at dei ser at Fylkesmannen merkar seg positiv aktivitet ved skulen, men at skulen manglar nokre prosedyrar og planar som skal sikre arbeidet. Skulen er i gang med å få dette på plass i lag med råd og utval, skriv rektor.

Det går fram at elevrådet er i gang med å lage møteplan for elevrådet og framlegg til prosedyre for klassemøte. Skulen arbeider òg med eit årshjul for kvart klassetrinn, der Mot-programmet skal innarbeidast.

Skulen viser elles til informasjon som ligg på heimesida, som ikkje har kome fram gjennom eigenvurderingar og intervju.

Vi har vurdert tilbakemeldinga frå kommunen og der desse har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i endeleg tilsynsrapport.

2 Skulens plikt til å arbeide førebyggjande

2.1 Rettslege krav

Om plikta til å arbeide førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremje eit trygt og godt skulemiljø

Elevane skal få delta i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for å skape eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-8 første ledd. Elevane kan bli involverte gjennom for eksempel aktivitetar og dialog i kvardagen, og gjennom planlagde samtalar og møte. Korleis elevane skal ta del i arbeidet, skal de tilpasse til saka og alderen og føresetnadene til elevane.

Rektor skal sørge for at alle som jobbar på skulen, skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-3. Rektor skal også jobbe for at lærarane skal fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet. For å få til dette må lærarane ha nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg tid. Skulemiljøet skal verke positivt på helse, trivsel og læring, på tryggleik og sosial tilhøyrsl. Arbeidet skal strekkje seg lenger enn å hindre krenkingar, og det må omfatte haldningar, verdiar, undervisningspraksis, relasjonar og leiing.

Skulen skal arbeide med skulemiljøet basert på synspunkt frå tilsette, elevar og foreldre. Dersom evalueringa viser at de ikkje oppfyller krava som følgjer av opplæringslova kapittel 9 A, må de gjere endringar i måten de jobbar på, slik at krava blir oppfylte.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål

Sikrar rektor at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Både rektor og dei tilsette svarar ja i eigenvurderinga på spørsmålet om elevane blir involvert i arbeidet for å skape og oppretthalde eit trygt og godt skulemiljø. Rektor vektlegg at skulen har eit aktivt elevråd som er involvert i arbeidet med skulens årlege temaveke i veke 6, at dei har vore med å utarbeide eller evaluere nokre av skulane sine reglar og at elevrådet har gitt uttale til skulens tilstandsrapport. Rektor trekk òg fram at kvar klasse skal lage klassereglar ved skulestart.

Elevane forklarar i intervju at dei har ein del møter i elevrådet og at kontaktlærer og rektor er med. Dei forklarar mellom anna at rydding og hærverk var eit tema førre skuleår. Elevrådet vart utfordra på kva ein kunne gjere for å få det trivelegare på skulen og da fant dei på idéen med ein ryddekonkurranse. Det var rektor som gjekk rundt i klassane for å snakke om at mykje var blitt øydelagt. Elevane så også problema, men det var dei vaksne som fant ut at dei måtte gjere noko med det, forklarar elevrådet. På spørsmål om elevrådet får tilsendt sakliste før møte forklarar dei at det har hendt, men at det ikkje skjer kvar gong. Dersom dei får sakliste er det dei vaksne som

har bestemt kva som skal stå på saklista. Dei veit ikkje om lærarane har laga noko fast møteplan, dei får beskjed nokre dagar før det skal vere møte, forklarar dei.

Skulen har sendt inn referat frå tre elevrådsmøte frå førre skuleår. I referat frå elevrådsmøte den 20. mai 2020 går det fram at elevrådet har vurdert «mobbetala og tala som handlar om læringsmiljø» som eit bidrag til kommunens tilstandsrapport. Elevrådet skriv mellom anna «Tala som handlar om demokrati og medverknad bør bli høgare, då det er på 3,4 på BUS. Me i elevrådet kjenner at me får delta i saker, men det er ikkje faste klasserådsmøter på planen til klassane. Då er det vanskeleg å få det til så ofte.»

Da vi spurte rektor om korleis elevrådets vurdering av Elevundersøkinga har inngått i skulens vidare skulemiljøarbeid forklarar rektor at skulen må lage ein handlingsplan, men at dei per i dag ikkje har arbeidd spesifikt med dette.

Elevrådet forklarar elles i intervju at det varierer i kva grad dei ulike klassane har *klassens time*. Det kjem litt an på den enkelte klasse og nokre er ikkje så flinke til å ha slike timar. Nokon gonger kan det vere slik at læraren seier at elevane kan skrive opp om det er noko dei vil ta med til elevrådet, seier elevrådsrepresentantane. Førre skuleår var det slik at elevrådsrepresentantane av og til sa noko i klassen før møta, og at elevane i klassen da kunne komme med innspel til elevrådsmøta.

På spørsmål om korleis skulen organiserer arbeidet med tanke på å involvere elevane i alle klassane i større eller mindre grad viser rektor til at skulen skal etablere elevråd innan to veker etter skulestart. Da vi besøkte skulen var ikkje elevrådet for inneverande skuleår etablert. Elevrådet har ein kontaktlærer, men ikkje ein etablert møteplan med faste saker som skal opp i elevrådet. Dette vart òg stadfesta i intervju med elevrådet. Rektor forklarar at ho har eit ønskje om å lage ein meir systematisk møteplan med oversyn over saker som skal sendast til elevrådet. Rektor reflekterer vidare rundt at dersom skulen hadde hatt ein meir tidfesta møteplan for rådet, så ville det vore meir aktivitet mellom elevrådet om klassane.

Vår vurdering

Rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at elevane i alle klassar blir involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø i større eller mindre grad. Rektor må vidare følgje opp at dei tilsette bruker framgangsmåten i praksis.

Vi finn at det er ein innarbeidd framgangsmåte å opprette eit elevråd med elevrådsrepresentantar frå alle klassane ved skulen, og at både elevrådet og rektor formidlar at det er ein del møteaktivitet i løpet av skuleåret. Vidare er det slik at elevrådsrepresentantane formidlar at dei opplev å få delta i saker, og vi ser at elevrådet er involvert i fleire av skulens førebyggjande tiltak. På denne måten har rektor etablert ein framgangsmåte for korleis nokre elevar skal bli involvert i skulens arbeid for eit trygt og godt skulemiljø.

Det er meir uklårt korleis skulen ivaretek at alle elevane på ein systematisk måte blir involvert i skulens arbeid med å skape og oppretthalde eit trygt og godt skulemiljø. Vi finn at klassane skal lage klassereglar, og at dei nokre gonger får komme med innspel til elevrådsmøta. Likevel kan vi

ikkje sjå at rektor har bestemt korleis alle elvane skal bli involvert i skulens arbeid for eit trygt og godt skulemiljø, eller at det er sett av tid til dette.

Slik skulen organiserer arbeidet med å involvere alle elevane i dag blir det opp til den enkelte lærar korleis ein involverer elevane i klassen inn mot dei sakene som rektor har bestemt at elevane skal involverast i. Mangelen på systematikk kring når og kva saker som elevane skal involverast i, er med på å svekke føresetnadane for å involvere elevane i både planlegging og gjennomføringa.

Ettersom det ikkje er ei systematisk kopling mellom elevrådet og elevane dei skal representere, finn vi at rektor ikkje har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at elevane i alle klassane i større eller mindre grad får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Då rektor ikkje har bestemt ein slik framgangsmåte, kan heller ikkje rektor følgje opp at dei tilsette følgjer framgangsmåten i praksis.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Jobbar rektor for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Både rektor og dei tilsette svarar ja i eigenvurderinga på spørsmålet om rektor arbeider for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidrar til et trygt og godt skulemiljø.

Rektor forklarar i eigenvurderinga at ved oppstart skuleåret 2019-2020 hadde skulen eit fokus på inkluderande skulemiljø. Kommunens visjon «Alle barn i Bømlø skal kjenne at dei høyrer til og at det er bruk for dei» sto innleiingsvis oppført på rektor sin presentasjon for dei tilsette. Vidare tok rektor fram lister over *kjenneteikn på eit inkluderande skulemiljø* som lærarane på dei ulike årsstega utarbeidde våren 2019. Alle trinna hadde formulert kjenneteikn som kan seiast å ta opp i seg det å anerkjenne den enkelte elevs eigenverdi.

Det går fram av dei tilsette sine eigenvurderingar at rektor er oppteken av både regelverket kring elevane sitt skulemiljø, godt nettveit, elevrådsarbeid og som ei lærargruppe skriv: «Ho er tydeleg på haldningar rundt dette med å ta vare på kvarandre.»

Rektor har laga ein presentasjon som lærarane skal bruke i møte med elevar og føresette ved oppstart skuleåret 2019-2020. Også her vert kommunens visjon vist fram innleiingsvis.

Skulen har ein fast møtearena kalla *medråderett*. Dette er jamlege møter mellom rektor, tillitsvalde og hovudverneombod. Her vart det etter skulestart vedteke at assistentane skulle møte elevane i gangane om morgonen, for å sikre ein trygg og roleg start på dagen. Dette kjem fram i intervju med assistentane.

På spørsmål om i kva grad har rektor klargjort for tilsette kva som er ønskelege haldningar og verdiar for å fremme eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar ved skulen får vi litt ulike svar.

Nokre lærarar viser til MOT-programmet og at der ligg det nokre fellesverdiar. Andre viser til arbeidet med generell del av ny læreplan, medan andre igjen viser til kommunens visjon. Men felles for fleire av dei tilsette er at dei forklarar at dei ikkje har eit konkret dokument eller noko som uttrykkjer omforeinte ønskelege haldningar og verdiar for dei tilsette på skulen.

Ein av dei tilsette forklarar følgjande: «Eg kan ikkje seie at vi har skrive ned korleis vi skal opptre som kollektiv med tanke på haldningar og verdiar som bidrar til et trygt og godt skulemiljø.»

På spørsmål om rektor følgjer opp dersom ein person som arbeider på skulen ikkje praktiserer skulens haldningar og verdiar, skriv rektor i eigenvurderinga at ho er ny og ikkje kjenner til tilsette som ikkje praktiserer haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og god skulemiljø. Dersom det oppstår elevsaker vert det diskutert, skriv rektor. Fleire av lærarane skriv i eigenvurderinga at dei ikkje kjenner til slike saker, men dei reknar med at rektor ville ha følgd opp.

Fleire tilsette forklarar i intervju at dei tenkjer at ei oppfølging frå rektor ville kome som eit resultat av til dømes varsling frå foreldre, at tilsette kan bruke skulemiljøknappen, eller gjennom medarbeidarsamtale.

Vår vurdering

Rektor må jobbe for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø for alle elevane. Skulemiljøet skal verke positivt på elevanes helse, trivsel og læring, tryggleik og sosiale tilhøyr. Arbeidet skal strekkje seg lengre enn å hindre krenkingar, og må omfatte haldningar, verdiar, undervisningspraksis, relasjonar og leiing. Rektor kan til dømes leggje til rette for at alle som jobbar på skulen, kan diskutere etiske dilemma og bli bevisste på det etiske ansvaret som kviler på dei.

Skulen har arbeidd med haldningar og verdiar som er eigna til å verke positivt inn på elevane si helse, trivsel og læring. Fleire tilsette trekk fram kommunens visjon som ei rettesnor. Den tek opp i seg det individuelle og anerkjennande perspektivet om at alle har ein plass i elevsamfunnet og skal oppleve at dei er til nytte. Nokre av dei tilsette har òg arbeida med kjenneteikn på eit inkluderande skulemiljø. Vi ser òg at rektor har vore med og lagt til rette, gjennom skulens organisering, for at elevar kan bli møtt med eit *hei* og eit smil i skulegangane om morgonen. Dei tilsette meiner også rektor er tydeleg på haldningar som viser korleis ein skal ta vare på kvarandre. Vi ser at rektor på denne måten arbeider for at for at tilsette skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø.

Dei tilsette på skulen har ulike inngangar til korleis rektor har gjort dei kjent med kva som er ønskelege haldningar og verdiar for å fremje eit trygt og godt skulemiljø. Dei tilsette kjenner ikkje til at det finnes eit dokument eller anna som gjer uttrykk for skulens ønskelege haldningar og verdiar. Av den innsendte dokumentasjonen kan heller ikkje vi sjå at det går frem at skulen har bestemt kva som skal vere dei ønskelege haldningane og verdiane for å fremje eit trygt og godt

skulemiljø. På bakgrunn av dette kan vi ikkje finne at det er ein klar og kollektiv inngang til kva haldningar og verdiar dei tilsette skal praktisere i sitt arbeid.

Det er vidare slik at rektor må følgje opp dersom ein person som jobbar på skulen, ikkje praktiserer haldningar og verdiar som bidreg til et trygt og godt skulemiljø.

Vi kan ikkje finne at det er klargjort på kva måte rektor følgjer med, eller at rektor har følgt opp i ein slik samanheng.

Vi finn at rektors arbeid for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø er for vagt og for lite kollektivt forankra. Dette fører til at det er vanskeleg å sjå korleis rektor skal kunne følgje opp tilsette som ikkje praktiserer slike haldningar og verdiar i det daglege arbeidet.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Jobbar rektor for at lærarane skal fremje positiv samhandling i klassemiljøet?

Vår observasjon

Både rektor og dei tilsette svarar ja på dette spørsmålet i sine eigenvurderingar. Rektor viser at positiv samhandling blir vektlagt i alle klassane ved skolestart og at inkluderande skulemiljø har vore eit tema på felles kommunal planleggingsdag og deretter på møte på skulen i januar 2020. Temaet for fagdagen var systematisk arbeid for eit trygt og godt skulemiljø. Fagdagen var leia av Inger Bergkastet⁴ og var retta mot alle skuletilsette i Bømlo og andre delar av Sunnhordaland. Personalet arbeidde med tematikken på eit møte på skulen i etterkant.

Dei tilsette viser til at dei har MOT-programmet på skulen, at dei lagar klassereglar og gjennomfører turar og aktivitetar for elevane.

Det går fram av innsendt dokumentasjon at Bømlo kommune hadde inkluderande skulemiljø og språkkommune som satsingsområde 2019-2020. Bremnes ungdomsskule hadde satsingsområda ny læreplan og digitalisering.

På spørsmål om rektor har nokre kjelder som kan gje skulen eit kunnskapsgrunnlag og ein peikepinn på personalets behov for kompetanse og tidsbruk viser ho til Elevundersøkinga, nasjonale prøver, Ung data og saker som skulen får inn gjennom Skulemiljøknappen på skulens heimeside.

Når vi spør rektor kva analyser som er gjort av datagrunnlaget med tanke på å kunne vurdere personalets behovet for kompetanse og tidsbruk, kjem det ikkje fram at det er gjort vurderingar

⁴ Inger Bergkastet er lærar og pedagog. Ho har gjeve ut fleire bøker om å skape og vedlikehalde gode skulemiljø.

som har ført til ei prioritert kompetanseutvikling. Rektor har ikkje noko klart svar på dette, men nemner at ho har medråderettmøta.

Som vi har vist til tidlegare kjem det fram av intervju med assistentane at det vart bestemt på medråderettmøte at dei skulle nytte tida si om morgonen til å være til stades i gangane og møte elevane på ein positiv måte.

I intervju med lærarane trekk vi fram at vi kan lese av tal i Skuleporten at elevar på 10. årssteg over tid har opplevd mobbing på skulen og at resultat på indikatorar som grunnskulepoeng og skulebidragsindikator ligg lågare enn det nasjonale nivået siste fem år. Når vi spør om lærarane om dei har diskutert samanhengene mellom desse tala og kva behov for kompetanse dei har i arbeidet med å fremje eit positivt skulemiljø, kan ei lærargruppe ikkje minnst at dei har vore med på slike diskusjonar eller at det har ført med seg ei bestemt kompetanseutvikling.

Ei anna lærargruppe forklarar at dei har sett på resultat frå Elevundersøkinga på skulenivå, men at dei ikkje kan knytte kompetanseutvikling til andre forhold enn innføring av den nye læreplanen.

Rektor forklarar i eigenvurderinga at dersom ho hadde kjent til at tilsette ikkje jobba for å fremje positiv samhandling i klassemiljøet, så hadde ho følgt opp gjennom nødvendige samtalar. Dei tilsette skriv at dei reknar med at rektor hadde følgt opp.

I intervju undersøker vi på kva måte rektor følgjer med på at lærarane fremjar positiv samhandling.

Rektor fortel at ho bruker augo og øyrrer når ho beveger seg rundt på skulen og at ho har møte med avdelingsleiarane, men at ho ikkje har noko systematisk skulevandring.

Ei lærargruppe viser til at rektor har møte med avdelingsleiarane og at dei antar at oppfølging av arbeidet vere eit tema.

Ei anna lærargruppe viser til at rektor er flink til å ta seg ein runde i pausar ved fellesarrangement og at ho er flink til å snakke med elevane.

Vår vurdering

Rektor må jobbe for at dei tilsette skal fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet. Rektor må syte for at dei tilsette får den naudsynte kompetansen og tilstrekkeleg med tid til å jobbe på denne måten. Lærarane må mellom anna forstå dynamikken i elevgruppa si, og ha ferdigheiter til å løyse hendingar på ein slik måte at det fremjar helse, trivsel og læring for alle elevane. Rektor må tilpasse tid og kompetanse opp mot behova på skulen.

Vi ser at skulen på fleire måtar har etablert strukturar som kan bidra til å fremje positiv samhandling i klassemiljøet, til dømes gjennom MOT-programmet, klassereglar, turar og aktivitetar for elevane, og gjennom arbeid med inkluderande skulemiljø som satsingsområde for skuleåret 2019-2020. Vi har også merka oss at skulen har bestemt at assistentane skal møte

elevane på ein positiv måte kvar morgon, og vi meiner at skulen med dette bidrar til å fremje positiv samhandling i klassemiljøet.

I tillegg til å jobbe for at dei tilsette skal fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet, må rektor også syte for at dei tilsette får naudsynt kompetanse og tid til å arbeide på denne måten.

Gjennom felles fagdag og arbeid i etterkant ser vi at tilsette har fått tilbod om kompetanse som gjeld arbeidet med å fremje ei positiv samhandling i klassemiljøet.

For at arbeidet med å fremje positiv samhandling i klassemiljøet skal vere treffsikkert og effektivt, må rektor tilpasse tid og kompetanse opp mot behova på skulen.

Rektor har identifisert nokre kjelder som kan gje skulen eit kunnskapsgrunnlag for skulens behov for kompetanse og ressursbruk innafor tema positiv samhandling. Verken rektor eller lærargruppene kan hugse eller forklare korleis ein har analysert datagrunnlaget frå desse kjeldene opp mot skulens behov for tid og kompetanse. På bakgrunn av dette kan vi ikkje finne at det er gjort vurderingar av behovet for tid og personalets behov for kompetanseutvikling opp mot behova på skulen.

Det ligg til saka at rektor må følgje opp dersom ein lærar ikkje fremjar slik positiv samhandling.

For at rektor skal kunne følgje opp dette, er det en føresetnad at det er klargjort på kva områder det er behov for at dei tilsette arbeider med positiv samhandling. Skulen gjer ikkje ei systematisk vurdering av sitt arbeid med positiv samhandling opp mot behova på skulen. Utan ei slik vurdering vert det vanskeleg for rektor å syte for at dei tilsette får nødvendig kompetanse og tilstrekkeleg tid til å arbeide med positiv samhandling. Når rektor ikkje veit om skulen arbeider med positiv samhandling opp mot skulens behov, kan rektor heller ikkje følgje opp dersom ein tilsett ikkje arbeider for å fremje positiv samhandling.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Evaluerer skulen det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette?

Vår observasjon

Både rektor og dei tilsette svarar ja i eigenvurderinga på spørsmålet om dei evaluerer det førebyggjande arbeidet med skulemiljøet basert på synspunkt frå tilsette, elevar og foreldre.

I eigenvurderinga vert det vist til ulike døme på kjelder som kan gje informasjon om det førebyggjande arbeidet: Elevundersøkinga, Undersøking etter koronaskule, 10-faktorundersøking, foreldremøte, FAU [foreldrerådets arbeidsutval], elevrådet og tilstandsrapport.

Nokre lærarar forklarar i eigenvurderinga at det er enkelte evalueringsprosessar på klasse- og trinnivå, men ikkje ei systematisk og samla vurdering for skulens arbeid. Dei forklarar at dei « får informasjon om skulemiljøet gjennom blant anna elevundersøkinga, elevsamtalar og foreldresamtalar. Me gjennomfører i liten grad fast eller systematisk evaluering av det førebyggjande arbeidet. Arbeidet blir likevel evaluert etter behov på trinn- og klassenivå. (...) Me får tilgang til resultatet av elevundersøkinga, og dette blir drøfta i varierende grad av kontaktlærarane på klassenivå. Det er litt tilfeldig korleis undersøkinga vert følgt opp.»

Da vi spurte rektor om systematikken kring skulens evalueringsarbeid viser ho til arbeidet med tilstandsrapporten.

Skulen har sendt inn Tilstandsrapport 2019-2020. Under overskrifta Læringsmiljø er Elevundersøkinga lagt inn som kjelde. Det kjem fram om skulen har ei positiv eller negativ utvikling i forhold til landssnittet på indikatorane. Elevrådet og tillitsvald frå Utdanningsforbundet har kommentert resultatane.

På spørsmål om rektor syter for å gjere endringar dersom evaluering viser at det er naudsynt for å oppfylle krava i opplæringslova kapittel 9 A svarar rektor at skulen tidlegare hadde eit årshjul for sosialkompetanse. Det var påtenkt at skulen skulle evaluere årshjulet, men det er ikkje gjort p.t. Dei har planar om å gjere dette i samarbeid med elevrådet, FAU og SMU, skriv rektor.

Vi spør elevrådet om elevane er med og evaluerer trivselstiltak som skulen set i verk, t.d. MOT og trivselseiarar, eller vurderer resultatane i Elevundersøkinga. Elevane kan ikkje hugse at dei kommenterte tilstandsrapporten, men kan huse at dei diskuterte at dei kom godt ut av Elevundersøkinga. Elevane kan ikkje hugse at dei har vore med å evaluert arbeidet i MOT-programmet eller ordninga med trivselseiarar ved skulen.

Vi spør foreldrerepresentantane om dei kjenner til korleis skulen evaluerer det førebyggjande skulemiljøarbeidet. Det synes dei er vanskeleg å svare på. Dei kjenner ikkje til skulens evalueringsarbeid og kan ikkje hugse at dei har evaluert MOT-satsinga i skulemiljøutvalet (SMU).

Vår vurdering

Skulen må bruke informasjonen skulen har om korleis arbeidet fungerer, til å vurdere i kva grad det førebyggjande arbeidet fremjar eit trygt og godt skulemiljø. Viss skulen ikkje har god nok informasjon om korleis arbeidet fungerer, må ein innhente slik informasjon. Skulen må alltid ha informasjon frå både tilsette, elevar og foreldre. Vidare må skulen på grunnlag av informasjonen vurdere om å det er behov for å endre måten ein jobbar på.

Vi finn at rektor og dei tilsette i eigenvurderinga nemner ulike døme på kjelder som kan gje informasjon om det førebyggjande arbeidet: Elevundersøkinga, undersøking etter koronaskule, 10-faktorundersøking, foreldremøte, FAU, elevrådet og tilstandsrapporten.

Skulen rapporterer til skuleeigar gjennom tilstandsrapporten. Rapporten viser at skulen lister opp ei kjelde til informasjon om skulemiljøet, dvs. Elevundersøkinga. Vi finn noko informasjon i rapporten om tiltak som skulen har på området: lokalt mål for arbeidet «Alle på BUS skal kjenne at dei høyrer til og at det er bruk for dei» og iverksett folkehelsekurs. Vi finn i liten grad ei samla

vurdering av indikatorar, opp mot skulens førebyggjande arbeid. Det er skuleleiinga, elevrådet og tillitsvald frå Utdanningsforbundet som har fått kome med uttale. Uttalene er ikkje vurdert samla sett.

Fylkesmannen finn at det er vanskeleg å sjå tilstandsrapporten som ei samla vurdering av det førebyggjande arbeidet.

Vi kan heller ikkje finne at skulen på anna måte har evaluert det førebyggjande skulemiljøarbeidet og basert evalueringa på synspunkt frå eit bredt utval av tilsette og synspunkt frå elevane og foreldra.

Sjølv om skulen har ein plan om å evaluere skulens årshjul for sosial kompetanse, kan vi ikkje legge til grunn at ei slik evaluering er ein del av skulens noverande praksis ettersom skulen ikkje praktiserer dette på tidspunktet for tilsynet.

Ettersom skulen ikkje har dokumentert at dei evaluerer det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø samla og systematisk basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette kan vi ikkje konkludere med at skulen arbeider i tråd med regelverket.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

3 Skulen si plikt til å informere og involvere elevar og foreldre

3.1 Rettslege krav

Om plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skulemiljøet

De skal informere aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, jf. forvaltningslova

§ 11 og opplæringslova § 9 A-3 andre ledd. De skal i tillegg informere aktuelle råd og utval om at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet. Kva for organ som er aktuelle, vil variere etter skuletype.

De skal informere aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skulemiljøet, jf. opplæringslova § 9 A-9 tredje ledd. Skulen må sjølv ta initiativ til å orientere råda og utvala når ny relevant informasjon er tilgjengeleg eller kommen fram. Kravet om at det må vere viktig for skulemiljøet, betyr at de ikkje treng å informere om daglegdagse enkelthendingar eller mindre endringar av rutinar.

De skal så tidleg som mogleg ta aktuelle råd og utval med i arbeidet med skulemiljøtiltak, jf. opplæringslova § 9 A-9 tredje ledd. De må ta råda og utvala med i arbeidet tidleg nok til at dei får ein reell innverknad.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål

Gir skulen elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, om skulens aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen?

Vår observasjon

Rektor skriv i eigenvurderinga at dette er tema i alle klassar ved nytt skuleår. Det er ein del av oppgåvene som går fram av sjekklista til kontaktlærarane. Lærarane informerer òg i samband med enkeltsaker, skriv rektor.

Skulen har sendt inn dokumentet «sjekkliste for kontaktlærarar ved oppstart 2020-2021». Punkt 7 i lista er «Gjennomgått opplæringslova § 9 A (elevane si arbeidsmiljølov)» Sjekklista skal sendast utfylt til rektor etter gjennomføring.

I intervju med rektor spør vi om det er bestemte forhold ved kapittel 9 A som lærarane skal snakke med elevane om. Rektor forklarar at dei skal snakke om lovteksten og forklare elevane kva som ligg i paragrafane §§ 9 A-1, 9 A-2 og 9 A-3.

Dei skal òg informere om skulemiljøknappen, ein varslingsknapp som ligg på skulens heimeside.

Elles kjem det fram i intervju med rektor at det er laga ein presentasjon som lærarane skal bruke for å informere foreldre ved oppstart. Ei lærargruppe forklarar «Vi har ei oversikt som vi får ved oppstarten av skuleåret. Det er ei sjekkliste som vi må kvittere ut. Det står det blant annet at vi skal informere elevane om 9 A og skulemiljø-knappen. Vi informerer også foreldra om skulemiljøknappen. Det skal være låg terskel for å bruke skulemiljøknappen.»

Ei anna lærargruppe fortel « Elles vart det laga ein felles PP- ved skulestart som sikrar rett informasjon til alle, men vi nyttar ikkje mykje tid på dette i løpet av skuleåret.»

Elevane fortel i intervju at dei får ein del informasjon første veka på skulen og at det er mange PowerPoint- presentasjonar som blir vist. Dei kan hugse at dei har fått informasjon om kor dei skal vere på skulen og kva dei skal gjere om det brenn til dømes. Dei viser til helsesystem og rådgevar på skulen dersom dei treng å snakke med nokon om skulemiljøet. Dei viser òg til mobbe-knappen « [Skulen] Har mobbknapp. Der kan ein være anonym eller ikkje og skrive om du eller nokon du kjenner blir mobba. (...) Dette tok de opp og viste på starten av skuleåret.»

Kommunen skriv i si tilbakemelding etter førebels tilsynsrapport

«Skulen har dokumentasjon som ikkje er kommen fram gjennom eigenvurdering Reflex og intervju 8. september. Dette er knytt til skulen si heimeside.

(...) På skulen si heimeside ligg informasjon til elevane og foreldre om skulemiljø, om skulen si aktivitetsplikt og om retten til å melde ei sak til Fylkesmannen. Det vert og vist til denne heimesida på trinnforeldremøte (sjå tidlegare innsendt vedlegg pp) samt munnleg orientering om denne retten. (...)

Me ser at bruken av skulen si heimeside som informasjonskanal til elevar og foreldre ikkje har komme tydeleg nok fram gjennom eigenvurdering Reflex og intervju 8. september og ber om at Fylkesmannen tek dette med i vurderinga.»

Vår vurdering

Skulen må gje informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta vare på sine rettar etter lova. Det kan til dømes vere riktig å gje informasjon fleire gonger i løpet av skuleåret. Dei må gjere informasjonen tilgjengeleg for alle. Dette inneber blant anna at dei må gje informasjonen om reglane på ein forståeleg måte, og at dei må vurdere om det er nødvendig med tolk.

Vi skal undersøke om skulen i praksis gir elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, om skolens aktivitetsplikt og om retten til å melde en sak til Fylkesmannen.

Det går fram av skulens sjekklister ved oppstart at dei tilsette skal informere om opplæringslova kapittel 9A. Av skulens PowerPoint-presentasjon og i intervju med tilsette og elevar vert det bekrefta at dei tilsette gjev informasjon om nokre forhold kring opplæringslova kapittel 9 A. På bakgrunn av dette finn vi at rektor har passa på at kontaktlærarane snakkar med elevane og foreldra om retten til eit trygt og godt skulemiljø, at skulen skal ha nulltoleranse mot mobbing og kravet om eit systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Vidare finn vi at foreldra og elevane gjennom informasjon om meldesystemet kalla mobbe-knappen vert gjort kjent med skulen si aktivitetsplikt (opplæringslova § 9 A-4).

Skulen informerer om reglane som gjeld skulemiljøet på starten av skuleåret og i enkeltsaker. Lærarane si sjekklister er ikkje spesifikke når det gjeld kva lærarane skal informere om i kapittel 9 A i opplæringslova, og den standardiserte presentasjonen omtalar ikkje retten til å melde saka til Fylkesmannen. Det kjem heller ikkje fram i intervju at lærarane har informert elevar og foreldre om at dei kan melde saka til Fylkesmannen. Men ettersom skulen informerer i enkeltsaker og viser til bruken av heimesida som informasjonskanal når dei informerer om retten til å melde saka si til Fylkesmannen finn vi at elevar og foreldre får tilstrekkeleg informasjon om denne retten.

Vi ser at det blir informert på ulike måtar og i ulike samanhengar. Samla sett finn vi at skulen informerer om retten til eit trygt og godt skulemiljø, om skolens aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til Fylkesmannen.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Sikrar rektor at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet?

Vår observasjon

Rektor svarar nei på dette spørsmålet i eigenvurderinga. I intervju forklarar ho at skulen ikkje har ein framgangsmåte knytt til dette.

I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport skriv rektor «I eigenvurdering gjennom Reflex og i intervju vart ikkje skulen si heimeside vektlagt som framgangsmåte for å sikre informasjon til aktuelle råd og utval om skulemiljø. Her er det samla informasjon me meiner sikrar at skulen ivaretek denne retten.»

I intervju med foreldrerepresentantane forklarar dei at dei nok har fått informasjon om kva saker dei kan få innsyn i og kva saker dei kan uttale seg om, men at dei ikkje hugsar alt. Dei forklarar òg «Veit ikkje heilt kva som står på nettsida, men der er det info om FAU og kontaktinformasjon til leiar».

Vår vurdering

Skulen skal informere aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Vidare skal rektor sikre at skulen informerer aktuelle råd og utval om at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Rektor må bestemme ein framgangsmåte som sikrar at aktuelle råd og utval får denne informasjonen. Rektor må følge opp at dei som skal gjere dette, gir slik informasjon i praksis.

Vi ser at skulen har ei nettside for arbeid i råd og utval som sist er endra 24. september 2020. På nettsida går det fram kva råd og utval skulen har, men det går ikkje fram at råd og utval har rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet og at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Dersom skulen ønskjer å gje informasjonen på nettsida må dei sikre at dei aktuelle råd og utvala får rett informasjon og at informasjonen er tilpassa dei ulike målgruppene.

Vi finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte for å sikre at aktuelle råd og utval er kjend med retten til innsyn og at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Sikrar rektor at skulen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skulemiljøet?

Vår observasjon

Førre skuleår hadde skulen elevråd med representantar frå alle klassetrinna. Då vi besøkte skulen var det ikkje konstituert elevråd for inneverande skuleår. Rektor skriv at elevrådet har jamlege møte. Elevane forklarar i intervju at dei har ein del møter, men at det ikkje er noko fast møteplan.

I systemet Moava 13-10 [kommunens system for internkontroll] står det at samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) skal konstituerast innan 12. september, «men det rekk ikkje skulen å få på plass til denne dato i år». Dette forklarar rektor i intervju.

Rektor fortel i intervju at foreldrerådets arbeidsutval (FAU) skal veljast på foreldremøte på 8. trinn. Medlemmane vert valt for tre år. Rektor kallar inn til første møte. Det går fram av rektors eigenvurdering at det var oppstartmøte i august 2019 mellom rektor og FAU. Då var skulemiljø og samarbeid om dette eit tema, skriv rektor. Representantane for foreldra fortel at det ikkje har vore noko møte mellom FAU og rektor utover det første konstituerande møte der rektor deltok. Elles er det kontakt mellom rektor og FAU-leiar, som tek eventuell informasjon vidare til FAU-medlemmane.

Vi har fått tilsendt eitt referat frå møte i SU 30. oktober 2019. Konstituering skulle vore første sak, men grunna stort fråfall vart saka utsett. Det går fram av referatet at når SU skal vere SMU, så skal utvalet utvida med ein representant for Ungdomsrådet.

Vi har fått tilsendt oversyn over medlemmar i SU og SMU per 21. januar 2020.

Rektor forklarar i intervju at dei ikkje har drøfta kva skulen reknar for å vere saker som er viktige for skulemiljøet. Ho forklarar òg at det er vanskeleg å skilje saker som skal til dei ulike utvala, og at ho ikkje er så god på akkurat dette.

Ei lærargruppe uttrykkjer det slik i intervju «Vi kan ikkje komme på at vi har hatt kollektive drøftingar kring kva saker som er viktige for skulemiljøet. Vi diskuterer i større grad på trinnet enn kollektivt, korleis det sosiale miljøet i klassane fungerer og kva vi eventuelt skal gjere.» Når vi spør om slike saker eventuelt blir brakt vidare til elevrådet, så trur dei ikkje det.

Representantar for foreldra seier i intervju at det er vanskeleg å sjå ein systematikk i arbeidet med å informere råd og utval om saker som er viktige for skulemiljøet.

Vår vurdering

Skulen må informere elevrådet, FAU, SU og SMU om alt som er viktig for skulemiljøet. Kravet om at det må være viktig for skulemiljøet, betyr at skulen ikkje treng å informere om daglegdagse enkelthendingar eller mindre endringar av rutinar. Skulen må sjølv ta initiativ til å orientere råd og utval, når relevant informasjon er tilgjengeleg eller kommen fram.

Døme på informasjon som er viktig for skulemiljøet, er skulens resultat frå Elevundersøkinga, elevretta tiltak for å betre det generelle skulemiljøet, og kompetansehevande tiltak retta mot dei som jobbar på skulen. Det kan vere negative forhold som for eksempel alvorlege valdsepisodar eller vedvarande dårleg skulemiljø. Skulen skal ikkje gje informasjon som kan vere eigna til å identifisere enkeltelevar.

Vi ser at rektor har ein plan for å konstituere elevråd, FAU, SU og SMU ved starten av skuleåret. At råda og utvala er på plass, er ein føresetnad for at dei kan få informasjon som er viktig for skulemiljøet. Våre undersøkingar synar at møtefrekvensen i FAU, SU og SMU er låg. Dette gjer til at det vert lite tid til at rådet og utvala skal kunne få informasjon om, og uttale seg om, saker som er viktige for skulemiljøet.

Videre kan vi ikkje sjå at skulen i fellesskap har drøfta kva skulen reknar for å vere saker som er viktige for skulemiljøet. Når skulen ikkje har definert eller drøfta dette, vert det vanskeleg å sikre at råda og utvala får informasjon om alt som er viktig for skulemiljøet.

Rektor må gje ein framgangsmåte som sikrar at råd og utval blir informert om alt som er viktig for skulemiljøet. Rektor må òg følge opp at dei som skal gjere dette, informerer om alt som er viktig for skulemiljøet.

I intervju med rektor, tilsette og representantar for foreldra, kjem det fram at skulen ikkje har ein framgangsmåte for å sikre at råda og utvala blir informert om alt som er viktig for skulemiljøet. Vi kan heller ikkje sjå at ein framgangsmåte er skildra i dokumentasjonen vi har fått tilsendt. Det er ikkje bestemt kva som er saker som er viktige for skulemiljøet, og det er heller ikkje satt opp ein møtestruktur for råda og utvala.

Ettersom rektor ikkje har bestemt korleis skulen skal informere aktuelle råd og utval og ikkje har klargjort kva som er saker som er viktige for skulemiljøet finn vi at skulen ikkje arbeider i tråd med lovkrava.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Sikrar rektor at skulen tek elevrådet og foreldrerådet med i arbeidet med skulemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som råd?

Vår observasjon

Rektor svarar ja på spørsmål om elevråd og FAU blir tekne med så tidleg som råd i arbeidsprosessar som gjeld skulemiljøtiltak. Det blir vist til involvering av elevrådet i arbeid med Temaveke ved skulen og at FAU blir involvert som medlemmar i SMU.

Det kjem fram i intervju med dei tilsette at det er eit generelt inntrykk at elevrådet er aktivt og at rektor er interessert og involvert i elevrådsarbeid. Ei lærargruppe forklarar «Vi har elevrådsmøter

med jamne mellomrom, men vi veit ikkje korleis rektor sikrar at elevrådet blir tekne med så tidleg som råd. Vi er ikkje så kjent med arbeidet og systematikken rundt SMU.»

Når vi spør representantane for foreldra om dei har de døme på at de blir teke med så tidleg så råd i arbeidet med skulemiljøtiltak kan dei ikkje kome på noko. Dei har vore involvert i andre saker, som ikkje gjeld skulemiljøet, men det er meir oppgåver av praktisk karakter, forklarar dei.

Vi har tidlegare vist til at det ikkje er fast møteplan for elevrådet, at det ikkje er klarlagt kva faste saker som skal opp i råd og utval og at skulen ikkje har avklart kva saker som er viktige for skulemiljøet.

Vår vurdering

Skulen skal så tidleg som mogleg ta elevrådet, foreldrerådet eller FAU med i arbeidet med skulemiljøtiltak. De må ta råd og utval med i arbeidet tidleg nok til at dei får ein reell innverknad.

Rektor må bestemme ein framgangsmåte som sikrar at råd og utval å tidleg som mogleg blir tekne med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Rektor må følgje opp at dei som skal gjere dette, bruker framgangsmåten i praksis.

Vi finn særleg døme på at elevrådet er involvert i ulike aktivitetar som blir sett i verk på skulen. Vi forstår det òg slik at det er jamleg kontakt mellom rektor og leiar i FAU, slik at saker kan settast i prosess. Likevel kan vi ikkje finne at rektor har bestemt ein framgangsmåte for å sikre at råd og utval blir tekne med i skulemiljøarbeidet så tidleg som råd.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål

Evaluerer skulen arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette?

Vår observasjon

Både rektor og tilsette svarar ja på dette spørsmålet i eigenvurderinga. Rektor viser til at slik evaluering går fram av tilstandsrapporten. Ei lærargruppe viser til Elevundersøkinga, medan dei andre er usikre eller ikkje har svart nærare på korleis dette vert gjort.

Rektor forklarar nærare i intervju at dei «ikkje har kome så langt. Etter pandemien har vi ikkje hatt noko. Har hatt fleire telefonsamtaler med FAU, men det har ikkje vore noko som vi har trengt å ta opp.»

Foreldrerepresentantane forklarar i intervju at dei ikkje kjenner til at dei har vore med å evaluere skulens arbeid med å informere og involvere aktuelle råd og utval.

Vår vurdering

Vi kan ikkje finne at det går fram av tilstandsrapporten at skulen evaluerer arbeidet med råd og utval basert på synspunkt frå tilsette, elevar og foreldre.

Vi kan heller ikkje finne haldepunkt igjennom eigenvurderingar eller intervju for å seie at skulen evaluerer arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

Plikta til å arbeidet førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremje eit trygt og godt skulemiljø

Kommunen må syte for at skulen jobbar førebyggjande, kontinuerleg og systematisk for å fremje eit trygt og godt skulemiljø for elevane, jf. opplæringslova § 9 A-3 og 9 A-8 første ledd. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

1. Rektor sikrar at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø
2. Rektor jobbar for at skulen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt skulemiljø
3. Rektor jobbar for at lærarane skal fremje positiv samhandling i klassemiljøet
4. Skulen evaluerer det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette

Plikta til å informere og involvere elevar og foreldre i arbeidet med skulemiljøet

Kommunen må syte for at skulen informerer elevane og foreldra om rettane etter opplæringslova kapittel 9 A, jf. opplæringslova § 9 A-9 første ledd. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

1. Rektor sikrar at skolen informerer aktuelle råd og utval om deira rett til innsyn i dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og at dei har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.
2. Rektor sikrar at skulen informerer aktuelle råd og utval om alt som er viktig for skulemiljøet.
3. Rektor sikrar at skolen ter elevrådet og foreldrerådet med i arbeidet med skulemiljøtiltak, og at det skjer så tidleg som råd.
4. Skulen evaluerer arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utval basert på mellom anna synspunkt frå elevane, foreldra og tilsette.

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 30. januar 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 21. oktober 2020

Lill Mona Solberg
tilsynsleiar

Åse Bruntveit Njøs
rådgjevar

Oda Eikeland Myrnes
rådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlag

Eigenvurdering i RefLex frå skuleleiing, tre grupper med kontaktlærarar og ei assistentgruppe

PP-trinnforeldremøte 8., 9. 10. trinn august 2019

Tilstandsrapport 2019-2020, Bremnes ungdomsskule

Sjekkliste for kontaktlærer 2020-2021

Samarbeidsutvalet 2019-2020

Skulemiljøutvalet 2019-2020

Elevrådet 2019-2020

Referat frå samarbeidsutvalet 30.10.2019

Årshjul sosial kompetanse

Ordensreglement Bremnes ungdomsskule

Oppstartsmøte elevrådet 4. september 2019

Invitasjon til FOS-kursdag 24. januar

Innkalling til oppstartsmøte i FAU 2019-2020

PP-presentasjon oppstart skuleår 2019-2020

Infomøte tysdag 28. januar

Infomøte 10. mars

Referat frå elevrådsmøte 11. desember 2019

Referat frå elevrådsmøte 20.mai 2020

Bedre skole nr. 2 2020

Lesarinnlegg frå elevrådet i Bømlonytt

Utkast til årshjul 8. trinn

Årshjul for MOT Bremnes ungdomsskule

Skulens nettside

Vi gjennomførte intervju på skulen 8. september 2020.

Vi snakka med representantar for elevrådet og FAU, assistentar, kontaktlærarar frå 8., 9. og 10. trinn og rektor.